775-Pirion_01_2008_v3:matt papir_post 15-02-08 14:03 Side 1

Returdresse:
Pirion,
Næringsbedet i
Vatlandsvåg,
4235 Hebnes
NOREG

B

P.P.

DISTRIBUERT AV POSTEN NOREG

LES!

## GODNATTBOKA

*Illustrert av Gunvor Rasmussen.*
*Skald 2007.*

Godnattboka er ei god samling forteljingar. Her er både nye og meir etablerte stemmer representerte, i alt inneheld boka 22 nye nynorske forteljingar der målgruppa er born frå og med seks år. Her er namn som Brit Bildøen, Henning Rivedal, Frode Grytten, Ragnar Hovland og Odd Njøs med sine kveldshistorier. Den mest markerte av debutantane er truleg Sylfest Lomheim, som skriv om bestefaren. Bestefaren fortel om pilasteinen som ligg heime på bøen som dei bruka til å leike på og hoppe ned i snøen frå. Lomheim skriv overraskande godt, sjølv om historia hans somme tider stoppar noko opp og rytmen somme tider vert litt for fast. Uansett: bestefar sine historier på sengekanten er alltid populære hjå borna.

Framfor alt er dette nettopp forteljingar levande forteljingar i ein god litterær tradisjon. Dette kjenner borna frå før – og dei vil truleg setje pris på varmen, nærleiken og ikkje minst dei gode skildringane som vert teikna med eit saftig språk. Her høyrer me om ulven som ligg under senga, Miranda og loftet, to appelsinar og ikkje minst Sylfest nummer to i boka: Sofagrisen Sylfest. Det er Ingunn E. Wiken som let oss bli kjende med sofagrisen, og ho gir oss truleg det mest humoristiske innslaget i boka med sofagrisen. Sylfest som sovnar på den gulblomstra sofaen med den bergrisen, bare PC-en mellom griselabbane.



Den tradisjonelle forteljarkunsten ligg djupt i dei fleste av oss. Mange minnest høgtlesinga på kvelden som ei dyrebar stund frå barndommen, og mange vil føre dette vidare til sine eigne born. Godnattboka er eit godt bidrag til å klare det. Lette og jordnære forteljingar fører til at boka har ei historie for dei fleste og mange av dei kan ein lese opp att og opp att. Det er noko av vitsen. Samlinga byrjar med forteljingar for dei minste borna, og så vert dei både lengre og vanskelegare utover i boka.

Godnattboka er god å halde i, den har tjukt papir og gir eit inntrykk av å vere både stødig og innbydande. Illustrasjonane til Gunvor Rasmussen leikar seg i varme fargar og den markerte streken hennar fører til at illustrasjonane gir eit fullstendig bilete av forteljingane. Det er mykje tekst i boka, kanskje for mykje, samstundes er også dét med på gi tyngde til verket og ikkje minst la historiene stå for seg sjølve.

Forteljingane skal vere rause med ord og bilete. Å lese høgt skal ta tid.

Det er mange debutantar i Godnattboka. Og dei forsvinn ikkje. Derimot er det forfriskande at nye stemmer også slepp til, stemmer som tydelegvis har mykje å formidle. Godnattboka vil truleg få sin faste plass i mange bokhyller, og ikkje minst på mange nattbord.

*Judith Sørhus Litlehamar*

## Pirion -kurs

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

### Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

**Om kurset**

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette. Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid.

Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

**Om Pirion**

Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion fire gonger i året. Me bidreg og fast til Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkursa er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.

**Om kurshaldarane**

Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

**Kontakt:**

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland:
tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88
(måndag og tysdag mellom 9 og 15)
epost: pirion@norsk-plan.no



Pirion

**Tips oss på pirion@norsk-plan.no** Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og **www.pirion.no**

PIRION ER STØTTA AV NORSK KULTURRÅD, FAGFORBUNDET OG LNK **PIRION** 01/2008, 9. årgangen – ISSN 1502-3036 **Utgivar:** Stiftinga Pirion **Adresse:** Pirion, Næringsbedet i Vatlandsvåg, 4235 Hebnes Tlf: 52 79 04 82, faks 52 79 04 81. **Heimeside:** www.pirion.no **Ansvarleg redaktør:** Toyni Tobekk, mobil 98 22 14 10 **Redaksjon:** Astrid Eidhammer Hjelmeland, tlf 52 79 04 84 **E-post:** pirion@norsk-plan.no
**Formgjeving:** Salikat Design

Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular
nr. 1 - 2008



© Toyni Tobekk

# So ro liten tull

**- Songane er med på å styrke kommunikasjonen på tvers av alder. Det er viktig å knyte fortid og notid saman, seier folkemusikar Unni Løvlid.**

Judith Sørhus Litlehamar

775-Pirion_01_2008_v3:matt papir_post 15-02-08 14:04 Side 3




© Astrid Eidhammer Hjelmeland

*Folkemusikar Unni Løvlid vil gje borna eit repertoar og ein kunnskap om lokal musikkarv.*

Den unge musikaren Unni Løvlid har markert seg som ein viktig formidlar av lokale rim, regler og songar til barnehageborn. Ikkje minst er ho kjend gjennom prosjektet «So ro liten tull» der om lag 1900 born i alderen 3 – 5 år var direkte involverte, medan 1500 andre born var involverte mellom samlingane. Her fekk borna møte songtradisjonar frå heimfylka sine; Oppland, Sogn og Fjordane og Telemark. Dette prosjektet har også Løvlid gjennomført fleire gonger tidlegare.

– Desse songane har noko tidlaust over seg. Dei borna vel å ta med seg frå barnehagetida har dei med seg når dei er 80 år, seier ho og viser til eit repetoar som inneheld songar som «Den fyrste song», «Fanteguten» og «Byssan byssan liten sull».



© Toyni Tobekk

## Lokale versjonar

Prosjektet «So ro liten tull» gjekk over eit halvt år der barnehagane fekk fem ulike besøk av folkemusikarar. Målet var å gjere borna bevisste på den lokale musikalske arven. Det vart også vektlagt å auka kommunikasjonen mellom gamal og ung, ved å gje borna eit repetoar som var kjent på tvers av generasjonane. Dette prosjektet resulterte også i ein CD.

– Borna lærte eit stort repetoar songar som dei tok med seg heim og song for besteforeldra. Så kom dei gjerne attende med ein litt annleis versjon, slik bestemora song den. Og det var nettopp dei lokale versjonane eg ville at barnehagane skulle bruke seinare.

Løvlid er oppteken av overleveringa av tradisjonane. Ein skal lære materialet på ein skikkeleg måte og med respekt før ein eventuelt endrar på det, men ikkje slik at det døyr ut. Ho legg vekt på at songane må brukast aktivt i kvardagen for å overleve.

– Å få lov til å setje i gang ein ny tanke hjå eit barn må jo vere noko av et viktigaste og det sterkaste ein kan oppleve, meiner ho.

## Må synge i kvardagen

Unni Løvlid meiner sjølv ho er ein igangsetjar.

– Eg gir borna eit repetoar og ein kunnskap. Eg likar å setje ting i gang. Noko av det viktigaste er at kvar einskild barnehage brukar dette i kvardagen.

– Ein kan finne songar som ein kan synge samtidig som ein tek på seg støvlane og skal ut å leike. Nokre av songane er jo så korte at dei er meir eller mindre som ein kommentar. Dei songane har eg tru på. Og det finst så mange godnattsongar, leikar, eventyr og historier. Eg opplever at folk er veldig bevisste på å føre desse tradisjonane vidare, seier ho.

Løvlid har musikkpedagogisk utdanning frå Noregs Musikkhøgskole og har blant anna undervisningserfaring frå den same høgskulen samt Ole Bull Akademiet. Ho er i tillegg medlem av gruppene Fjøgl og Rusk og har gitt ut fleire plater. I 2007 fekk ho også æra av å opne Griegåret.

*Dei to fyrste er henta frå boka «So ro liten tull*
*Løvlid, Unni, 2003: So ro liten tull, 1.utgåve, Lyche musikkforlag.*

### So ro liten tull

*etter Magnhild Haugen Otterdal, f Vellene, Hornindal (1911–2001)*

So ro liten tull,
sauden, han ber mykja unn,
bukkjen, han ber breide honn,
røven mata' sine bonn,
bjønnjen ligg i hide', syg' på labbane sine,
log åt meg, grein åt deg. Det va' eventyre'!

### Ikonn gjekk på vollen og slo

*etter Jorunn Lundgård Lødøen, Hornindal (1939–1999)*

Ikonn gjekk på vollen og slo.
Høyrde du kor det snørde?
Skjora lesste og kråka drog
og vesle pusekatten kjørte.

Hanen treska, høna mol,
katten baka, killingane knadde.
Musa gjekk der og gnaura og gnol
og ba' om alt det dei hadde

*Støylen, Bernt, 1899: Norske barnerim og leikar, Aschehoug og co, Christiania*

### Frå Nordland:

Ro ro att og fram!
Fall på baken som ein mann!
Aaranne utum keipen.
Pylsepinn, kurveskinn,
imorgo kjem han papa din,
med soli i barmen

### Frå Ryfylke:

Ro ro til Balta!
Fiska sei og salta,
salta han baade med isel og rogn,
leggja han i tunnur og føre han til Sogn.
So skal me bryggja og baka,
og steikja barne ei kaka

# Tunkatten med digitalsongbok

**Tunkatten Lurivar frå Ivar Aasen-tunet vil gjerne dele den nynorske songskatten med borna. No vert det songbok på nett.**

Judith Sørhus Litlehamar

Om lag 60 nynorske barnesongar vert presenterte i den digitale songboka. Av desse er om lag 10 heilt nye tekstar som vann fram i tunkatten sin songkonkurranse i sommar. Målet med arbeidet er og å vise fram den nynorske songtradisjonen, og at også mindre born skal kunne finne fram til tekstane, ved hjelp av lydvegvisarar og enkle illustrasjonar.

– Vi vil gjerne gje barna større tryggleik på språket sitt, og det kan songane vere med på gi dei, seier formidlingsleiar Anne Marta V. Vadstein ved Aasen-tunet og viser til at born som går i barnehage i nynorske område ofte kjenner betre til bokmålssongane enn dei som har meir lokal forankring.

Tunkatten Lurivar har eigen nettstad der han skriv om språk, samlar på dialektord og arrangerer konkurransar for born mellom seks og 12 år. Men tunkatten er også ein fysisk figur som mellom anna reiser rundt på skuleturneen «Katta i sekken» saman med forfattar Hilde Myklebust.

– Han er ein litt lur og mystisk katt som seier han har lese tusenvis av bøker. Akkurat der trur eg han smør litt på, smiler Vadstein.

No vil tunkatten ta tak i dei nynorske barnesongane og vise dei fram på ein enkel og brukarvenleg måte. Målgruppa er born frå og med fire år.

– Det er mange som til dømes ikkje veit at Santa Lucia finst på nynorsk. Det er viktig at borna møter dei nynorske tekstane tidleg, seier Anne Marta V. Vadstein.

*Tunkatten reiser også rundt på skular med framsyninga «Katta i sekken» saman med forfattar Hilde Myklebust.*



© Anne Marta Vadstein